



Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Årsmelding 2018



Føreord

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta i 1980.

I 2011 vart første Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen konstituert, etter at det vart opna for lokal forvaltning av dei store verneområda. Styret for 2012-2015 vart oppnemnd av Miljøverndepartementet, og Miljødirektoratet oppnemnde styret for 2016-19 ved brev 16.02.2016. Jotunheimen har to nasjonalparkforvaltarar, ein med kontor i Lom og ein i Luster. Nasjonalparkforvaltarane er sekretariatet for nasjonalparkstyret og står for «den daglege drifta».

Årsmeldinga gjev ei samla framstilling av nasjonalparkstyret sitt arbeid, tiltak og registreringar som er gjort i felt og generelt om bruken av områda og dei naturfaglege tilhøva og forvaltningsmessige utfordringar i Jotunheimen og Utladalen.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Framsida:

- 1) Opning av Utkikkspunkt Sognefjellet, med statssekretær Atle Hamre. Lomsordførar Bjarne E. Holø og Vågåordførar Iselin Vistekliven hjelpte til med snorklippinga
- 2) Styreleiar Ivar Kvalen ønskte velkommen til opninga, som også vart markert med lokale kulturinnslag.
- 3) Den 2 cm tynne brua hadde styrke til å bera turfølget til Lars Monsen, som vart fylgd av NRK – minutt for minutt (foto: Råmund Mundhjeld)

Under: Dei som hadde stått for bygginga overraska med ei spesiell gåve – ein drikkestasjon i ein stein



Innhald

| | | |
|----|--|----|
| 1. | Verneområda – status | 4 |
| 2. | Aktørar i verneområda | 4 |
| | Nasjonalparkstyret | 4 |
| | Nasjonalparkforvaltarar | 4 |
| | Naturoppsynet..... | 5 |
| | Andre sentrale myndigheter | 5 |
| | Brukarar..... | 6 |
| | Sentrale dokument..... | 6 |
| 3. | Arbeid i nasjonalparkstyret 2017 | 7 |
| 4. | Aktivitet | 9 |
| | Informasjon | 9 |
| | Skjøtsel og vedlikehald | 12 |
| | Jotunheimen Vest / Utladalen:..... | 12 |
| | Jotunheimen Aust:..... | 12 |
| | Arrangement i verneområda..... | 13 |
| | Randsonearrangement..... | 13 |
| | Vidare arbeid | 13 |
| | Revisjon av forvaltningsplanen: | 13 |
| | Besøksstrategi: | 14 |
| | Kartleggingsarbeid:..... | 14 |
| | Pilot for implementering av merkevaren Norges Nasjonalparker | 14 |
| 5. | Glimt frå 2018..... | 15 |

1. Verneområda – status

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernombordet vart oppretta ved Kgl. res. 05.12.1980. Verneforskrifta set dei juridiske rammene for forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen trekkjer opp retningslinjene for forvaltning av verneområda, og har delt nasjonalparken i ulike forvaltingssoner: Sone utan tilrettelegging og inngrep, brukssone og sone med spesiell tilrettelegging og inngrep.

Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda.

Oppsynsarbeid, skjøtsel, rettleiing og informasjon skal fremje formålet med vernet.

Verneforskriftene for Jotunheimen og Utladalen vart i 2004 tekne opp til revisjon i samband med rullering av den første forvaltningsplanen frå 1998. Reviderte forskrifter vart godkjente 14.11.14.

Revisjon av forvaltningsplanen i tråd med nye forskrifter starta opp i 2015.

2. Aktørar i verneområda

Nasjonalparkstyret

Forvaltningsmyndigheita for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernombordet vart overført frå Fylkesmannen til nasjonalparkstyret, ved brev av 04.11.10 frå Miljøverndepartementet. Nasjonalparkstyret består av ein representant frå kvar kommune og fylkeskommune med areal i verneområda.

Funksjonsperioden for styret følgjer kommunestyre- og fylkestingsperioden.

Styret for perioden 2016-19 er:

| Rolle | Ordinært medlem | Varamedlem | Representerar |
|--------------------|----------------------|---------------------|--------------------------------|
| <i>leiar</i> | Ivar Kvalen | Marit Tennø | Luster kommune |
| <i>nestleiar</i> | Iselin Jonassen | Svein Blankenborg | Vågå kommune |
| <i>styremedlem</i> | Bjarne Eiolf Holø | Anne Lise Marstein | Lom kommune |
| <i>styremedlem</i> | Leif Solemsli | Kari Bø Wangensteen | Vang kommune |
| <i>styremedlem</i> | Sandra Opheim | Arild Ingar Lægreid | Årdal kommune |
| <i>styremedlem</i> | Aleksander Øren Heen | Senea Sabanovic | Sogn og Fjordane fylkeskommune |
| <i>styremedlem</i> | Kjersti Bjørnstad * | Øystein Andreassen | Oppland fylkeskommune |

* Kjersti Bjørnstad Fremstad erstatta Aud Hove som fast representant i nasjonalparkstyret for Oppland fylkeskommune frå 2018. Dette etter oppmoding frå fylkeskommunen, etter at Aud Hove vart vald til fylkesvaraordførar. Oppnemning skjedde ved brev av 04.12.17 frå Miljødirektoratet.

Arkivfunksjonen til nasjonalparkstyret ligg hos Fylkesmannen i Oppland og postadressa er:

*Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Postboks 987
2604 Lillehammer
mail: fminpost@fylkesmannen.no*

Nasjonalparkforvaltarar

Sekretariatet består av to forvaltarar, og skal førebu saker for styret, drive informasjon og halde kontakt med brukarar av verneområda.

- Kari Sveen er nasjonalparkforvaltar med kontorstad ved Nasjonalparkinformasjonssenteret ved Norsk Fjellsenter i Lom. Kari har lang erfaring innan forvaltning på kommunalt, regionalt og statleg nivå.
- Magnus Snøtun var tilsett som nasjonalparkforvaltar med kontorstad ved Rådhuset i Luster i Gaupne fram til oktober 2018, da han gjekk over til ny stilling i Luster kommune.
- Eldrid Nedrelo, som i dag har stilling som nasjonalparkforvaltar i Breheimen, vart tilsett som ny forvaltar i desember. Administrativ tilknyting vart samstundes endra til Fylkesmannen Vestland.

Nasjonalparkforvaltarane er administrativt tilsett i fylkesmannsembata, men er underlagt nasjonalparkstyret i sitt arbeid. Fylkesmannen har ingen instruksjonsrett i forhold til nasjonalparkforvaltarane sitt arbeid for nasjonalparkstyret, men kan nytte nasjonalparkforvaltarane til andre arbeidsoppgåver ved behov og i samråd med nasjonalparkstyret.

I 2018 vart det utført ca. 3 månadsverk mindre enn normalt, pga. vakanse i stillinga på vestsida.

- Kari Sveen har verv som tillitsvald for Naturviterne, og dette medfører div. møte på Lillehammer.
- Magnus Snøtun har hatt opplæring og fagleg rettleiing til andre nasjonalparkforvaltarar når det gjeld nettsider. Stillinga har stått vakant frå oktober. Det har gått ut over forvaltningsplanarbeidet.

Naturoppsynet

Naturoppsynet skal følgje opp miljølovgjevinga og vedtak fatta av nasjonalparkstyret og andre offentlege myndigheter. I tillegg skal oppsynet informere, rettleie og gjennomføre tiltak og registreringar. Gjennom bestillingsdialogen kan forvaltninga konkretisere særskilde oppdrag.

Statens Naturoppsyn (SNO) er organisert som ein del av Miljødirektoratet, med den administrative staben i Trondheim og lokalkontor rundt om i heile landet. Rigmor Solem er tilsett i SNO med Jotunheimen og Utladalen som hovedområde. Kontorstad varierer mellom Vang og Utladalen, I tillegg har ein i Jotunheimen og Utladalen eit omfattande tenestekjøp, som omfattar både oppsyn og utføring av tiltak. SNO har inngått ein sentral avtale med Norges Fjellstypesamband om tenestekjøp over heile landet med lik timesats. For Jotunheimen og Utladalen blir det kjøpt oppsynstenester frå fjellstyra i Lom, Vågå, Årdal og Luster.

Andre sentrale myndigheter

Det er også andre myndigheter som påverkar både bruk og tilrettelegging av verneområda.

Kommunane Lom, Luster, Vågå, Årdal og Vang har areal innanfor verneområdet. Politisk er desse representert med kvart sitt medlem i nasjonalparkstyret. Kommunane har ansvar for arealforvaltninga, og god dialog er særleg viktig for innfallsportane og randsonene til verneområda.

Kommunane har myndighet etter plan- og bygningslova og motorferdselslova. Ofte må brukarar innhente løyve både frå verneforskrifta og generelt lovverk som plan- og bygningslova eller motorferdselslova.

Administrativt kontaktutval vart oppretta i 2013, og utvalet skal bidra til best mogleg kommunikasjon mellom administrativt nivå for nasjonalparkforvaltninga og kommunane.

Fylkesmennene hadde forvaltningsmyndighet for verneområda fram til oppretting av nasjonalparkstyret. Miljøvernavdelingane har erfaring og fagkunnskap som nasjonalparkforvaltarane kan nytte i sitt arbeid, og forvaltarane deltek i fagsamlingar der dette er relevant.

Fylkesmennene har klagerett på vedtak som vert fatta av nasjonalparkstyret.

Fylkeskommunane er representert politisk i nasjonalparkstyret. I tillegg har fylkeskommunen myndighet etter kulturminnelova og fagkompetanse knytt til kulturminneskjøtsel og restaurering.

Brukarar

I Jotunheimen og Utladalen finn vi nokre av dei mest kjende DNT-hyttene med tilhøyrande stinett i den norske fjellheimen. Kjende turmål som Galdhøpiggen, Besseggen og Vettisfossen dreg årleg tusenvis av besökande. Ferdselsteljar utplassert ved Vesløyfti på Besseggenruta viste 56.599 passeringar i perioden 31.mai til 1.oktober i 2018; ein auke på vel to tusen frå året før. Frå Visdal mot Galdhøpiggen viste teljaren 31.850 passering, med om lag lik fordeling mellom retningane. Dvs at ca. 16.000 går mot Galdhøpiggen frå Spiterstulen, i tillegg til anslagsvis 30.000 frå Juvvasshytta.

I Jotunheimen og Utladalen vart det gjennomført brukarundersøkingar i både 1992, 2002 og 2010. Desse undersøkingane viser utviklinga over tid og synleggjer behov for tilpassingar. Trafikken har endra seg mykje dei siste 10 åra, og ein arbeider for å få til ei ny brukarundersøking som er planlagt koordinert med brukarundersøking for Besseggen som mogleg nasjonal turiststi.

Brukarane grunneigarar, bedrifter, privatpersonar, lag og organisasjonar som brukar verneområda for næring, forsking/kunnskapsformidling og rekreasjon. DNT-hyttene Glitterheim, Gjendebu og Skogadalsbøen og den private turisthytta Memurubu er større bedrifter innan verneområdet. I tillegg kjem ei rekke større og mindre bedrifter ved innfallsportane og i randsonen, og det er fleire aktivitetsfirma/bedrifter som driv breføring og guiding. Andre brukarinteresser er beitebruk, jakt og fiske. Tamreinlaga i Lom og Vågå, Storådalen beitelag, Russdalen Beitelag, Besstrondfjellet beitelag og Utladalen sameige har stor aktivitet innan verneområda. I tillegg har Stiftinga Avdal Gard, Vetti turiststasjon, Stiftinga Utladalen naturhus og grunneigarar ulik grad av aktivitet i verneområda.

Sentrale dokument

Naturmangfaldlova vart sett i kraft 01.juli 2009, og erstattar Naturvernlova frå 1970. Vedtak fatta etter Naturvernlova er framleis gjeldande, men naturmangfaldlova har sett ein del nye kriteria til saksbehandling (vurdering av miljørettslege prinsipp etter §§ 8-12) og generelle unntaksreglar i verneforskriftene er erstatta av § 48 i naturmangfaldlova.

Verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernombjørga revidert 14.11.14.

Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen vart vedteken i 1998. Revisjon av forvaltningsplanen starta i 2004, parallelt med revisjon av verneforskriftene. Godkjenning av forvaltningsplan måtte vente til nye forskrifter var vedtekne, men utkast av 2008 har vore brukt som eit rettleiande dokument for forvaltninga.

I Jotunheimen og Utladalen er det utarbeidd **skjøtselsplan** for to område; Heimre Utladalen og Gjendebu-området. Skjøtselsplanen for Heimre Utladalen vart utarbeidd i 1998. I 2010 vart det gjort ny vurdering av skjøtselsbehovet av både eksisterande skjøtselslokaltetar og nye lokalitetar. Denne vurderinga omfatta heile Utladalen. Skjøtselsplanen for Gjendebu-området vart vedteken i 2004. I 2011 kom ei fagleg evaluering av utviklinga i tiltaksområdet, og vidare skjøtsel har fylgd tilrådingane frå Miljøfaglig Utredning.

Som første verneområde i landet, vedtok nasjonalparkstyret i 2012 ein **besøksstrategi**. Denne skal bidra til å gje dei besökande ei betre oppleveling, bidra til auka verdiskaping, og samstundes ta vare på naturverdiane. Besøksstrategien blir nå innarbeidd som del av forvaltningsplanen i revisjonsarbeidet.

3. Arbeid i nasjonalparkstyret 2018

Nasjonalparkstyret består av representantar med sentrale politiske verv, og dei fem kommunane er representert ved ordførar eller varaordførar. Møta har derfor blitt lagt opp med ein del telefonmøte, særleg i vinterhalvåret med stengde fjellovergangar som medfører store reiseavstandar.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har hatt 6 møte i 2018, og behandla 40 saker. Dette er 20 saker færre enn i 2017, men samstundes har kurante saker behandla administrativt auka - frå 15 delegerte vedtak i 2017 til 38 i 2018.

| | | |
|------|------------|---|
| 1/18 | 19.02.2018 | Telefonmøte |
| 2/18 | 06.04.2018 | Vang. Med dialogmøte om redningstenesta med Røde Kors og politiet i Valdres |
| 3/18 | 20.04.2018 | E-postbehandling |
| 4/18 | 18.06.2018 | Norsk Fjellsenter, Lom |
| 5/18 | 21.08.2018 | Sognefjellshytta, i kombinasjon med opning av <i>Utkikkspunkt Sognefjellet</i> 20. august |
| 6/18 | 12.11.2018 | Oslo, kombinert med arrangement på Litteraturhuset «Dråpen og begeret i utmark» |

Arbeidsutvalet hadde 2 møte og behandla 4 saker. Møte i AU har vore telefon- eller e-postmøte.

| | | |
|------|------------|------------------|
| 1/18 | 01.03.2018 | Telefonmøte |
| 2/18 | 19.10.2018 | E-postbehandling |

Forvaltarane har i medhald av delegert myndighet gjort administrative vedtak i 38 saker.

| Type saker | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|------------|-------------|------------|---------|----------|--------|---------|
| Adm./generelle vedtak (Styre/AU) | 16 | 21 | 26/3 | 27 | 25 | 25/3 | 20/1 |
| Vedtak om motorferdsel (Styre/AU/Adm.) | 18 | 22 | 8/1/4 | 14/5/4 | 15/10/3 | 13/2/7 | 7/2/20 |
| Vedtak om tilrettelegging (bygg, anlegg, stiar o.l.) (Styre/AU) | 8 | 6 | 11/2 | 11 | 9 | 4 | 5/0/2 |
| Vedtak om arrangement (Styre/AU) | 1 | 3 | 1 | 3 | | 6 /1 | (2)*** |
| Generelle uttalar (styret/AU) | 2 | 1 | | 3 | 2 | 1 | 2/1 |
| Vedtak om plan og planarbeid (styret) | 3 | | 3 | 2 | | 1 | 0 |
| Vedtak om økonomi (styret) | 4 | 3 | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 |
| Klagebehandling (styret) | 1 | | | 0 | | 1 | 0 |
| Anna, t.d. dronebruk, rydding, plantesamling. Frå 2017 hovudsakleg dronesaker (Styret/AU/Adm.) | 4 | | 1 | 3 ** | 1/ 7 / 1 | 7/7/4 | 4/0/16 |
| Sum | 57 stk. | 56 stk.* | 62 stk. | 74 stk. | 75 stk.* | 84 | 40/4/38 |

* 1 sak trekt, tiltak likevel ikkje aktuelt

** Pilot innfallsport

***kombinert med motorferdsel eller drone

Økonomi

Kvar haust vert det søkt om tiltaksmidlar for det kommande året i verneområda (bestillingsdialogen).

I 2018 vart pilot innfallsport ved Sognefjellshytta opna. Arbeidet har vore utfordrande og kostnadskrevjande, med fleire justeringar undervegs som følgje av geologi og ein spesiell brukonstruksjon som skulle tilpassast landskapet på ein god måte. Det har vore stort behov for ekstern kompetanse, og det kom opp nye element ved bruforankringa som gjorde anlegget vesentleg dyrare enn først stipulert. God byggeleiing, godt samarbeid og dyktige entrepenørar har gjort at anlegget blir bra.

Tidlegare byggeleiар vart sjukmeldt, så forvaltar hadde direkte ansvar for oppfølginga i 2018.

| Tiltaksmidlar for 2018 (bestillingsdialogen) | Tildeling/ budsjett | Sum utgifter | Avvik | Gjennomføring, merknader |
|--|------------------------|------------------------|-------|--|
| Skjøtsel | 500 000 | | | Tildelt SNO |
| Skjøtsel Utladalen, slått Styrt beite heimre Utladalen | | 200 000 * 130 000 * | | Utført, SNO |
| Skjøtsel Guridalen | | 30 000 * | | Utført, SNO |
| Styving/rising av alm og lind, Utladalen | | 60 000 * | | Utført, SNO |
| Styrt beite ved Gjendebu (storfes) Vegetasjonsrydding Gjendebuområdet | | 50 000 * 10 000 * | | Utført, SNO |
| Styrt beite ved Gjendebu (geit) | | 20 000 * | | Utført, SNO |
| Stiarbeid | | | | |
| Vedlikehald og opprusting Gjendeområdet | 220 000 | 211 796 | | Utført av sherpaer. Administrert av SNO |
| Innfallssport, pilotoppdrag | | | | |
| Pilot innfallssport Sognefjellet, fullføring | 600 000 | 331 237 ** | | |
| Informasjon | | | | |
| Nye informasjonstavler, m.m. | 240 000 | 223 154 | | Nye info-tavler Sognefjellshytta, Turtagrø, Krossbu |
| Nye informasjonstavler Memurubu og Gjendebu | | 20 202 | | |
| Barnas naturoppsyn | 10 000 | - | | |
| Forprosjekt Eidbugarden – informasjonstiltak | 30 000 | - | | |
| Diverse utgifter, drift | | 9 136 | | Tømming toalett, fjerne stolpar Veodalen |
| Totalt rekneskap tiltaksmidlar inkl. midlar forvalta av lokalt SNO | 1 625 000 | 1 325 525 | | |
| | | | | |

*Utgifter
Turtagrø og
Krossbu sett
under eitt

* Utgifter skjøtselstiltak er skjematiskt fordelt på deltak i samsvar med fordeling i sak 12/2018.

**Reparasjon av snøskader på rekkverk ikkje utført pga stengd fylkesveg Fv 55 hausten 2018

| Drift | Budsjett | Rekneskap |
|------------------|--|-----------|
| Sekretariat | Kontorhald, reiser, m.m. (utgifter utanom løn) | 168.000 |
| Styret og utvala | Reise- og møtegodtgjersle nasjonalparkstyret | 340.000 |
| Forvaltningsplan | Møteverksemd, dokumentasjonsarbeid | 100.000 |

Ulovlege tiltak

Ein rapport om mogleg avvik kom inn frå oppsynet. Saka blir fylgd opp, med krav om tiltak for rydding.

Andre utval

Fagleg rådgjevande utval skulle samlast på Turtagrø 18. september, men da var Fv. 55 stengd pga steinsprang. Det vart derfor eit delt møte med dei frå vestsida på Turtagrø og austsida på Norsk Fjellsenter i Lom.

Administrativt kontakutval og SNO deltok også i møtet. Det var i alt 18 som deltok på samlinga. Dei på vestsida fekk synfaring av anlegg ved Turtagrø saman med prosjektansvarleg Magnus Snøtun. (biletet til høgre er frå anlegget, omlegging av stig forbi privat hytte og over vått parti).



4. Aktivitet

Informasjon

Naturrettleiingsprosjektet i Jotunheimen vara frå 2009 t.o.m. 2014. I 2015 var det ei innstramming i økonomien til verneområda, og ein fekk ingen ressursar til engasjement av naturrettleiarar. Det er sterkt ønskjeleg med ei fast stilling til den mest brukte nasjonalparken i landet, for å sikre fagleg kontinuitet og betre tilbod for tilreisande og lokale brukarar med vekt på barn/unge i lokalsamfunna.

Både SNO og nasjonalparkforvaltarane blir jamleg spurt om å informere på ulike arrangement, møte, seminar og i felt. Vi får også mange førespurnader frå studentar om intervju/informasjon knytt til bachelor- eller masterstudium. Mange (hovudsakleg utanlandske studentar) ønskjer også tilbod om praksisplass/hospitering, men dette har vi ikkje kapasitet til å følgje opp. Det er lagt vekt på informasjon og rettleiing til brukarar av verneområda, skuleklassar og studentar. Vi har også ein del besøk utanfrå.

Lom/Jotunheimen vart i 2017 vald ut som deltakar i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt prosjekt om *Forenkling av utmarksforvaltninga*. Det er eit toårig prosjekt frå nov.-2017 til 1.des. 2019. Nasjonalparkforvaltar Kari Sveen er med i prosjektgruppa, saman med representantar frå Lom kommune, Lom fjellstyre og Norsk fjellsenter. Prosjektgruppa har innleia samarbeid med Langsua og Dovrefjell angående deira arbeid med forenkling i forvaltninga av motorferdsel i utmark.

Oversikt deltaking kurs, konferansar og fagnettverk 2018

| Dato | Kurs, konferansar, studieturar - Tema | Magnus Snøtun | Kari Sveen | Styremedlemmer, Andre |
|---------------|---|---------------|------------|---|
| 22.- 23.01 | Embetssamling – Fylkesmannen i Oppland. Lillehammer | x | x | Tilsette FM Oppland |
| 24.01 | Nasjonalparkforvaltarsamling, Lillehammer | x | x | Forvaltarane i Oppland |
| 05.02 | Nasjonalparkforvaltarsamling, Leikanger | x | | Forvaltarane i SF |
| 06.03 | Nettverk Merkevare Nasjonalparkar, deltaking i samlingar for referansegruppe | | x | NINA-prosjekt med div. forskarar og offentlege og private aktørar innan nasjonalparkforvaltning og naturbasert reiseliv |

| | | | | |
|-------------------|---|---|---|---|
| 10.-12. april | Nasjonalparkforvaltarsamling, Trondheim Miljødirektoratet | x | x | Forvaltarane i Noreg, Miljødirektoratet, KLD |
| 18.-21. april | Workshop TEG-prosjekt Reykjavik - Nordisk besøksforvaltningsprosjekt i samarbeid med Thingvellir (Island) og Vadehavet (Danmark) | x | | Samarbeidspartar frå Island og Danmark. Vertskap: Thingvellir |
| 23.-26. april | Studietur Bayerischer Wald og | | x | Svenske og norske representantar frå Fulufjellområdet |
| 15.05. | Fagdag Nasjonale Turiststier, Oslo | | x | Nasjonale Turiststier, Miljødirektoratet m.fl. |
| 30.-31. mai | Fagsamling kommunikasjon, Trondheim, Naturviterne | | x | Div. aktørar offentleg og privat landbruks- og naturforvalting |
| 05.06. | Oppsynssamling Jotunheimen, Gjendeosen | x | x | SNO, fjellopsyn |
| 29.-30. august | Forvaltarsamling Lom/Skjåk, med synfaring til Sognefjellet og Billingen/Reinheimen | x | x | Forvaltarane i Oppland og nabofylke |
| 5.-6. sept. | Fagsamling Nasjonale Turiststier, Åndalsnes | | x | Nasjonale Turiststier, Miljødirektoratet m.fl. |
| 10.-12. sept. | Workshop TEG-prosjekt Danmark - Nordisk besøksforvaltningsprosjekt i samarbeid med Thingvellir (Island) og Vadehavet (Danmark) | x | | Samarbeidspartar frå Island og Danmark. |
| 10.-13. sept. | Forenklingsprosjekt: Studietur nasjonalpark- og utmarksforvaltning i Finland. Helsinki, Vallisaari og Haltia | | x | Prosjektgruppe Norsk Fjellsenter, Lom komm., Lom Fjellstyre, og finsk vertskap - Metsähallitus Parks & Wildlife Finland |
| 21.-22. nov | Embetssamling Hedmark/Oppland, planlegging for FM Innlandet - Hamar | | x | Tilsette ved fylkesmannsembeta |
| 28/11. | Nasjonalparkforvaltarsamling på Otta | | x | NP-forvaltarane, andre frå M.avd. |

Informasjonsoppdrag, fordrag, representasjon og arrangement

| Dato | Tema | Repr. |
|-------------------|---|---------------------------|
| 06. juni | Forelesning tindevegleiarar, Jostedalen | MSN |
| 16. juni | Opningsarrangement Norsk fjellsenter – Ny utstilling | MSN, KSV, styrerepr. |
| April og sept. | Nordisk prosjekt, Workshops på Island og i Danmark - Presentasjonar av Jotunheimen og norsk nasjonalparkforvaltning | MSN |
| 20. august | Utkikkspunkt Sognefjellet – Tale under opninga Styret representert | Styreleiar Ivar Kvalen |
| 10.sept. | Presentasjon av Jotunheimen og nasjonalparkforvaltninga i Noreg for finske samarbeidspartar – Helsinki. Metsähallitus Parks & Wildlife Finland | KSV |
| 19.11. | Møte i Vågå – Innlegg: Besseggen, reiseliv og Besseggen-patruljen – forholdet til nasjonalparkforvaltninga | KSV |
| 28.11. | Nasjonalparkforvaltarsamling på Otta - Erfaringar med samordning av byggesaker i verneområde og info om forenklingsprosjektet | KSV |

Møte og synfaringar med eksterne partar

(utanom styremøte, AU, adm.k.utv., fagleg rådgj., interne arb.møte forvaltarane og SNO)

| Dato | Tema | | Andre |
|--|---|--------------|--|
| 9/1, 7/2, 21/2, 19/3, 4/6, 14/6, 9/7, 15/10, 29/10, 6/11, 27/11 | Prosjekt med støtte frå KMD til Lom kommune og Norsk Fjellsenter: <i>Forenkling utmarksforvaltning</i> | KSV | Arbeid i prosjektgruppe, med Lom kommune, Norsk Fjellsenter, Lom Fjellstyre. |
| 5/3 | Arbeidsmøte forenklingsprosjektet KMD | KSV | Odd Repp, Sander Sælthun |
| 25.01. | Telefonmøte Miljødirektoratet og KLD | KSV | Opning utkikkspunkt |
| 30/1, 26/6 | Skypemøte med BARK rådgivning om nordisk besøksforvaltningsprosjekt i samarbeid med Thingvellir (Island) og Vadehavet (Danmark) | MSN | Louise Work Havelund m.fl. |
| 8/2, 8/5, 29/5 | Teammøte Nasjonalparkforvaltarar | KSV, MSN | Forvaltarane i Oppland og Hedmark |
| 19/2, 1/3 | Innhald nasjonalparkutstilling fjellsenteret | KSV | Med Kristine Sørli, Reinheimen og Anne Silje Berg ved fjellsenteret |
| 20/3 | Møte ang. Gjendeområdet og tilrettelegging | KSV | Vågå kommune, Oppland fylkeskommune |
| 06.04 | Dialogmøte om redningstenesta med Røde Kors og politiet i Valdres | MSN | Nasjonalparkstret, Røde Kors og politi frå Valdres |
| 16.04 | Skype ang. Besseggen som Nasjonal Turiststi | KSV, MSN | Erlend Gjelsvik, OFK |
| 28/5, 6/7, 10/7, 9/8, 16/8 | Arbeidsmøte/synfaringar ved innfallsportar Sognefjellet / Sognefjellshytta i samband med sluttføring av skilting og tiltak for oppretting av rekkverk. Direkte oppfølging i arbeidsmøte med entrepenørar pga. sjukemeldt byggelei. Varierande deltaking frå møte til møte | KSV | Stryvo, Ottadalen Anlegg, Sognefjellshytta v/ Råmund Mundhjeld, fotograf |
| 06.06. | Møte ang. Besseggen som Nasjonal Turiststi, Vågå kommunehus | KSV | Vågå kommune, Oppland fylkeskommune, Vågå fjellstyre, næringsdrivande |
| 07.06. | Synfaring tomt for gjetarbu ved Russvatnet | KSV | Russdalen beitelag, Vågå fjellstyre, Statskog |
| 14.06. | Skype-møte Lina Haggard ang. kart info-tavler | KSV, MSN | Kartarbeid med Haggard |
| 15.06. | Synfaring Skogadalsbøen ang. kraftverksøknad | KSV, MSN | Anders Gjermo – DNT, Johannes Flaata – Kleppconsult |
| 24/7 | Møte GD ved Gjende ang. Besseggen | KSV | |
| 13/8, 16/8, 23/8 | Synfaringar, arbeid og tilrettelegging, Turtagrø | MSN | Tilrettelegging og arbeid med entrepenør |
| 20.august | Opning Utkikkspunkt Sognefjellet | MSN, KSV, | NP-styret, arkitekt, ingeniørar, entrepenørar og inviterte gjester |

| | | | |
|--------|--|----------|---|
| 07.09. | Nasjonale Turistveger, Synfaring ang. reguleringsplan for tilrettelegging ved Gjende | CSV | Fjelloppsyn Vågå, i samråd med kommunen og turistvegprosjektet |
| 18.09. | Fagleg rådgjevande utval – Turtagrø og Lom | MSN, CSV | Delt møte - stengd Fv. 55 |
| 21.09. | Møte ang. Gjendeområdet/Besseggen – samordne ulike prosesser | CSV | Iselin Vistekleiven – Vågå kommune / NP-styret, Vågå kommune- adm., Vågå fjellstyre v/ sekretær, |
| 25.09. | Synfaring Memurubu ang. kraftverksøknad | CSV, MSN | Kjetil Sveine – Memurubu, J. Flaata – Kleppconsult, Lom kommune v/ ordførar og adm., Lom fjellstyre, Statskog |
| 31.10 | Skype ang. Besseggen som Nasjonal Turiststi og søknad om midlar | CSV | Erlend Gjelsvik - OFK, Mai – Norsk Fjellsenter |
| 19.11 | Evalueringssmøte Besseggen – Besseggen-patrulja. Vurdering mot Nasjonal turiststi | CSV | Gjendeguiden, bedrifter, SNO, Vågå kommune, Vågå fjellstyre, redningsteneste |
| 20.11 | Møte ang Gjende – innfallsport og kanalisering av ferdsel på sørsida av Gjende | CSV | Vågå kommune, Vågå fjellstyre |
| 13.11 | Dialogmøte med DNT, Oslo | CSV | Ivar Kvalen, SNO v/ Rigmor Solem, DNT Oslo og Omegn (Havik, Stenseng, Gjermo, With) |
| 13.11. | Planforum Oppland fylkeskommune, sak Reguleringsplan Gjendeosen-Reinsvangen | CSV | Nasjonale Turistveger, Vågå kommune, faste aktørar i Planforum |
| 13.12. | Fagmøte, brukarundersøkingar Besseggen og Jotunheimen | CSV | Erlend Gjelsvik, Marit Vorkinn, Mai Bakken |

Skjøtsel og vedlikehald

Kvart år vert det utført skjøtseltiltak som tilrettelegging, rydding og ettersyn/vedlikehald av tidligare utførte tilretteleggingstiltak og grenseskilt og informasjonstavler. Arbeidet blir administrert av lokalt SNO, og ein del av tiltaka vert utført ved tenestekjøp frå fjellstyrta og lokale aktørar.

I 2018 hadde vi eit sherpalag på 4 personar som utførte tiltak på Fannaråkstigen og på ruta Spiterstulen-Galdhøpiggen, med hovudvekt på arbeidet mot Fannaråken.

Jotunheimen Vest / Utladalen:

Stiftinga Utladalen Naturhus koordinerer skjøtsels- og informasjonsarbeidet i Heimre Utladalen.

Skjøtselstiltak i Utladalen er som tidlegare vidareført med bakgrunn i utarbeidd skjøtselsplan. I tillegg til slått vert ein del av den inngjerda kulturmarka beita av sau. Også i 2018 vart det henta inn storfe for å redusere behovet for slått. Det er utført spesielle tiltak med styving/rising av alm og lind.

Jotunheimen Aust:

Skjøtsel av den gamle kulturmarka i Gjendebuområdet baserer seg på skjøtselsplanen frå 2001, og med justering i tråd med evaluering av status og tiltak gjennomført av Miljøfagleg Utredning i 2011. Evalueringa konkluderer med at tiltaka som har vore gjennomført med avstandsregulering av bjørk og rydding av skog/kratt har hatt ein positiv effekt på landskapet og saman med beiting verka positivt på det biologisk mangfaldet. Rapporten tilrår at slåtten vert teke opp att, for å fremje artar som kan gå attende ved for

sterkt beitetrykk (marinøklar). Vi prøver å gjennomføre slått annakvart år, saman med Storådalen beitelag. Det var ikkje slått i 2018.

Skjøtsel med geit som beitedyr ved Gjendebu vart starta opp i 2009, og er vidareført i 2018.

Arrangement i verneområda

- Telemarkslekrenn "Galdhøpiggrennet" ved Spiterstulen vart ikkje arrangert i 2018
- 17. mai på Galdhøpiggen, med rekordstort oppmøte
(anslag ca. 1500 frammøtte totalt, men ikkje alle på toppen samstundes)
- Nasjonalparkfestivalen «Under Storen», Utladalen 22.-24.juni
- Til Topps – integreringsprosjekt i regi av Integrerings- og Mangfaldsdirektoratet (IMDI), KS, DNT og Norges Røde Kors – i samarbeid med lokalt Røde Kors og lokale bedrifter – for siste gong 29.- 30. juni 2018. Turen på Galdhøpiggen er hovudattraksjon, men også kortare turar. Ca. 1000 deltagarar.
- Gjendebufestivalen 14.-17. juni 2018. Dette var siste Gjendebufestivalen.
- Besseggløpet vart arrangert den 23. juni med 122 deltagarar i konkurranseklassa og 44 i mosjonsklassa, i alt 166 deltagarar.
- Motbakkeløpet "Fananåken Opp" 11. aug. hadde 82 deltagarar som fullførte i konkurranseklassa.

Oppsynet har ikkje registrert uheldige tilhøve i samband med arrangementa.

Randsonearrangement

- High Camp, Turtagrø
- Vinjerock ved Eidsbugarden/Fondsbu
- Fjellfilmfestival Gjendesheim i september
- Fjellfestival med oppstarthelg ved Gjende i juni
- *Reinens rike - Sjodalen – Jotunheimen* med div. arrangement i og utanfor nasjonalparken i haustferieveka. Start i 2016, er vidareført som årleg arrangement 2017, 2018 ->

Vidare arbeid

Revisjon av forvaltningsplanen:

Det var ein omfattande prosess med revisjon av den gamle planen frå 1998 i perioden 2004 – 2008 .

I samråd med Miljødirektoratet kom ein fram til at revisjonsarbeidet måtte starte på nytt pga dei mange endringane som har kome til i behandlingstida fram til dei nye verneforskriftene vart vedtekne av Kongen i Statsråd 14.11.14.

Melding om ny oppstart av revisjon, i medhald av nye verneforskrifter og nye føringar i overordna nasjonal politikk og naturmangfaldlova, vart sendt ut ved brev av 02.09.2015. Det vart halde opne møte i kvar kommune i oktober 2015, og forvaltningsplanen har vore diskusjonstema på møte i fagleg rådgjevande utval både i 2015, 2016 og 2017. Det var sett ein ambisiøs framdriftsplan med tanke på slutføring i 2017, men som følgje av andre oppgåver er tidsplanen justert. Arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen i tråd med nye forskrifter og gjeldande forvaltningsordning får høg prioritet i 2018.

Besøksstrategi:

Jotunheimen og Utladalen har som første verneområde i landet, vedteke ein besøksstrategi for området. Oppfølging og konkretisering av denne planen er eit viktig arbeid vidare for styret, og vil vera ein del av forvaltningsplanarbeidet.

Kartleggingsarbeid:

Nye verneområde har ein omfattande prosess med kartlegging og systematisering av verneverdiane i området som er planlagt verna. Jotunheimen og Utladalen er relativt gamle verneområde som ikkje har vore gjennom ein slik systematisk prosess. Samtidig er det eit auka fokus på å sette konkrete målsettingar for utviklinga i verneområda (bestandsmål). Auka fokus på kartleggingsarbeid i åra framover vil vere avgjerande for å få til ei målstyrt forvaltning fram i tid.

Rapport med sårbarheitsvurdering for rovfugl i Aust-Jotunheimen kom i 2015, og er supplert med tilsvarende dokument for Vest-Jotunheimen ved feltarbeid i 2018. Det er i 2016 utført arbeid med samanstilling av eksisterande kunnskap om villreinen i Vest-Jotunheimen, og supplement til grunnrapporten kom i 2017. Det er også utarbeidd fagnotat om sykling i verneområda.

Pilot for implementering av merkevaren *Norges Nasjonalparker*

Utkikkspunkt Sognefjellet vart opna ved Sognefjellshytta 20.august 2018. Det er også nye skilt ved Juvvasshytta og langs Fv. 55 ved Krossbu og Turtagrø. Ved Gjendesheim/Reinsvangen og elles langs Nasjonal Turistveg Valdresflye samarbeider ein med Turistvegprosjektet om einskapleg informasjon. Dette er ein del av merkevarebygging til Miljødirektoratet, der Jotunheimen er ein av fire pilotar.



Skilting ved Krossbu og Turtagrø, ny merkevare.



Det vart sett opp nye skilt i eksisterande stativ ved Memurubu og Gjendebu.

Mellombels skilting på Gjendeosen sett opp i påvente av endeleg skilting saman med Nasjonale Turistveger.

I 2019 arbeider ein vidare for å fullføre skiltinga på andre lokalitetar, i tråd med ny merkevare.

5. Glimt frå 2018

Pilot innfallsport



Pilot innfallsport ved Sognefjellshytta vart opna 20.08. 2018. Biletet viser anlegget med sittegruppe og skilt. Det oppstod snøskader på rekkverk vinteren 2017/18, og alternativ løysing/forsterking blir utprøvd.

Gjetarhytte Russdalen



Synfaring, tomt for gjetarhytte Russdalen

Småkraftverk i Jotunheimen



15. juni: Førehandsvurdering av søknad om minikraftverk for Skogadalsbøen v/ Kleppconsult.
Johannes Flaata frå Kleppconsult med Magnus Snøtun, over til venstre



25. september vart det gjennomført formell synfaring i samband med søknad om oppgradering og utviding av Memurubu Kraftverk. Kleppconsult v/ Johannes Flaata har utarbeidd planane også her. Eksisterande kraftstasjon blir utvida for plass til diesellaggregat og diesellager. Dagens inntak blir flytta noko opp.

Plante- og dyreliv

